



Uskedal Vassverk står føre store investeringar i åra framover med mellom anna fornying av ledningsnett og nytt inntak i Eikedalen.

Etter årsmøtevedtak vert faktura for vassavgifta i Uskedal Vassverk sendt ut ein gong i året. Summen er kr. 4.200 for ein vanleg husstand. Det er reaksjonar på dette frå fleire abonnentar og dagleg leiar, Hans Reidar Kjærland, bed dei som ynskjer eigen avtale om innbetaling, ta kontakt.

Uskedal Vassverk er pålagd avgifter tilnærma kommunale satsar. Årsmøte har difor dei to siste åra vedtak på ein auke på 20 % pr. år. Med dette er som sagt avgifta for ein husstand på kr. 4.200,- Med denne summen er ein likevel knappe kr. 1.000,- under kommunale satsar.

Bakgrunnen for denne tilnærninga er kommunal garanti ved låneopptak i Kommunalbanken. Vassverket har vedtak om store investeringar i åra framover. Dette gjeld mellom anna fornying av ledningsnett og nytt inntak i Eikedalen. Investeringa er kostnadsrekna til om lag 4 mill. kr. Dei beste låna vil ein få ved kommunal garanti, men då krev Kvinnherad kommune ei harmonisering av betalingsatsane.

Dei som har vanskar med betaling av vassavgifta, kan ta kontakt med dagleg leiar på mobil:

997 01 819 for avtale.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal